

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune, ordfører og revisor (KPMG)**

Kopi: Varamedlem, kommunedirektør, postmottak

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune**Møtedato:** 31.10.2022, kl. 09:00 – ca. 13:00**Møtestad:** Formannskapssalen, Kommunehuset Frekhaug**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg	Tentativ tidsplan
59/22	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet		09.00
60/22	Godkjenning av protokoll frå møtet 17.10.2022	1	
61/22	Meldingssaker a. Henvending 1 om barnevernssak (Jeanette Langøy) b. Henvending 2 om barnevernssak (Bjørn Thomassen) c. Henvending 3 om barnevernssak (Kirsten Rongved) d. Henvending 4 om barnevernssak (Michael Eric Menk) e. Henvending 5 om barnevernssak (Catho Tresnes) f. Svar på henvendingar om barnevernssak	2	09.05
62/22	Prosjektplan: forvaltningsrevisjon av beredskap og kommunen si covid-19-handtering	3	09.20
63/22	Orientering: Korleis Alver føl opp barnevernsreforma		10.00
64/22	Forvaltningsrevisjon barnevern – mandat etter vedtak i sak 107/22 Innbyggjarframlegg til kommunestyret	4, 5, 6, + to digitale vedlegg 7, 8	10.30
65/22	Plan for forvaltningsrevisjon – endringar etter kommunestyret sine bestillingar		11.30
66/22	Oppfølging evalueringsarbeid: Saker i høve mandat og opplæring		12.30
67/22	Møteprotokollar frå politiske utval		13.00
68/22	Eventuelt		

Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97 01 98 93.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Med venleg helsing

Jimmy Pasali
*Leiar i kontrollutvalet*Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



ALVER KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 31.10.2022

INNHALDSLISTE

59/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
60/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 17.10.2022.....	2
61/22 Meldingssaker.....	3
62/22 Prosjektplan: forvaltningsrevisjon av beredskap og kommunen si covid-19-handtering.....	4
63/22 Orientering: Korleis Alver føl opp barnevernsreforma.....	5
64/22 Forvaltningsrevisjon barnevern – mandat etter vedtak i sak 107/22 Innbyggerframlegg til kommunestyret	6
65/22 Plan for forvaltningsrevisjon – endringar etter kommunestyret sine bestillingar.....	7
66/22 Oppfølging evalueringsarbeid: Saker i høve mandat og opplæring.....	10
67/22 Møteprotokollar frå politiske utval	12
68/22 Eventuelt	12



59/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SAKSOPPLYSINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 31.10.2022 er godkjent.

60/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 17.10.2022

Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 17.10.2022

SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 17.10.2022 er godkjent slik den ligg føre.



61/22 MELDINGSSAKER

- a) Henvending 1 om barnevernssak – sendt 20.08.202 (Avsendar: Jeanette Langøy)
- b) Henvending 2 om barnevernssak – kopi av klage til Statsforvaltaren – sendt 18.09.2022 (Avsendar: Bjørn Thomassen)
- c) Henvending 3 om barnevernssak – sendt 19.09.2022 (Avsendar: Kirsten Rongved)
- d) Henvending 4 om barnevernssak – sendt 10.10.2022 (Avsendar: Michael Eric Menk)
- e) Henvending 5 om barnevernssak – sendt 19.10.2022 (Avsendar: Catho Tresnes)
- f) Svar på henvendingar om barnevernssak – sendt 18. og 20.10.2022 (Avsendar: kontrollutvalssekretariatet)

Saksvedlegg:

Svar på henvendingar om barnevernssak

SAKSOPPLYSNINGAR

Alle meldingssakene til dette møtet handlar om enkeltsaker og inneheld mange personopplysningar. Henvendingane vert difor skjerma for offentleg innsyn. Innsendarane av henvendingane gjer greie for enkeltsaker, men har ikkje bede kontrollutvalet direkte om å følgje opp enkeltsaka. Fleire er tydelege på at dei henvender seg for å informere om det dei meiner er feil sakshandsaming, ikkje berre i Alver kommune (inkludert dei tidlegare kommunane), men også hos andre myndighetsinstansar. Alle henvendingane handlar om saker der barn er under barnevernet si omsorg, og har vore det over tid.

Alle som har sendt henvending har fått svar. Det ligg ved eksempel på svar. Alle har fått tilnærma like svar som dette.

Sekretariatet føreslår å gje revisor innsyn i alle henvendingane, slik at dei kan vurdere om det til dømes er element som vert omtala som kan vere uttrykk for systemsvikt, og som kan sjåast på i samband med ein forvaltningsrevisjon av barnevernet, jamfør sak 64/22.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om dei fem henvendingane knytt til sakshandsaming i barnevernssaker til orientering.

**62/22 PROSJEKTPLAN: FORVALTNINGSREVISJON AV BEREDSKAP OG KOMMUNEN SI
COVID-19-HANDTERING**

Saksvedlegg:

Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av beredskap mv

SAKSOPPLYSNINGAR

Kontrollutvalet har motteke prosjektplan for forvaltningsrevisjon av beredskap mv. datert 17.10.2022 frå KPMG. Planen ligg ved sakspapira, og skal handsamast av kontrollutvalet.

Bakgrunnen for planen er kontrollutvalet si bestilling i sak 49/22 i møtet 26.09.2022. Kontrollutvalet si bestilling vart gjort som oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 072/22 frå kommunestyremøtet 19.05.2022.

I handsaminga i sak 49/22 ynskte blant anna kontrollutvalet at revisjonen burde knytast til punkt nr. 4 i plan for forvaltningsrevisjon (kommunestyresak 113/20). I prosjektplanen viser revisor til risikovurdering og plan for forvaltningsrevisjon og knyter planen opp mot denne, slik som ynskt.

Revisor sin prosjektplan inneheld bakgrunnsgrunnlag, framlegg til føremål, problemstillingar og revisjonskriterium, metode, framdriftsplan og tidsramme, samt informasjon om prosjektteam. Planen svarer godt på kontrollutvalet si bestilling.

Føremålet som er føreslege i planen er todelt: å undersøkje i kva grad Alver kommune var førebudd på å kunne handsame ein alvorleg krisesituasjon, med utgangspunkt i Covid-19 utbrotet, og å identifisere positive og negative læringspunkt knytt til kommunen sin handsaming av krise.

Revisor skriv at dei tek sikte på å levere rapporten innan utgangen av april 2022, men i framdriftsplanen er mai/juni sett av til rapportskriving. Dei viser til at prosjektplanen eventuelt må sjåast i samanheng med og justerast i tråd med prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernet i Alver som er planlagt parallelt (sak 64/22).

Økonomisk ramme:

Kontrollutvalet var opptekne av dei økonomiske rammene for arbeidet, sett i lys av at kommunestyret også har bede kontrollutvalet bestille ein forvaltningsrevisjon av barnevernet. Revisor opplyser per e-post at rammene for forvaltningsrevisjon av beredskap/covid-19-handteringa kan gjerast innafor det resterande timetalet som er estimert for forvaltningsrevisjon i 2022, samt 1/3 av ramma for 2023. Sekretariatet har også sett utskrift av rekneskapen for kontrollarbeidet hos kommunen, og der var førebels beer ein mindre akontosum ført mot posten forvaltningsrevisjon. Dette betyr at revisor kan gjennomføra to revisjonar på a 400 timar med levering i løpet av 2023, der forvaltningsrevisjonen av beredskap mv. er ein av desse.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet meiner revisor har svara ut bestillinga frå kontrollutvalet og levert ein grundig og god prosjektplan, og vil tilrå kontrollutvalet å vedta denne slik den ligg føre.



Forvaltningsrevisor Sindre R. Dueland stiller i møtet for å kunne utdjupe innhaldet i planen og svare på spørsmål og få eventuelle innspel hos kontrollutvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «Forvaltningsrevisjon av beredskap mv.» og vedtek den slik den ligg føre frå KPMG, datert 17. oktober 2022.
2. Prosjektplanen svarer ut kommunestyret si bestilling i sak 072/22, samt prioritert punkt nummer 4 i plan for forvaltningsrevisjon, slik den er vedteken av kommunestyret i sak 113/20.
3. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan juni 2023.
4. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

63/22 ORIENTERING: KORLEIS ALVER FØL OPP BARNEVERNENSREFORMA

SAKSOPPLYSNINGAR

I samband med at Alver kontrollutval i sak 64/22 skal handsame bestilling av prosjektplan for ein revisjon av barnevernet, etter bestilling frå kommunestyret i sak 107/22, er det relevant for kontrollutvalet å orientere seg om barnevernsreforma, og få informasjon om Alver kommune sitt arbeid med å implementere denne. Barnevernsreforma, som tredde i kraft 1.1.2022, skal bidra til å styrke arbeid med førebygging og tidleg innsats, og vert omtala som ei oppvekstreform. Reforma gir kommunane meir ansvar på barnevernsområdet.

Les meir om barnevernsreforma her:

[Barnevernsreformen - en oppvekstreform | Bufdir](#)

[Barnevernsreforma | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

[Oversikt over lovendringar for tenester til barn og unge | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Kommunedirektøren er beden om å orientere overordna om organisering av barnevernet med fokus på ansvar og system, samt korleis kommunen føl opp dei nye reglane knytt til barnevernsreforma.

Kristin Moe, kommunalsjef, oppvekst, stiller i møtet og orienterer.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om korleis Alver kommune før opp barnevernsreforma til orientering.

**64/22 FORVALTNINGSREVISJON BARNEVERN – MANDAT ETTER VEDTAK I SAK 107/22
INNBYGGARFRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET**

Saksvedlegg:

Vedtak om forvaltningsrevisjon etter Innbyggjarforslag til kommunestyret

Vedlegg til innbyggjarforslag om forvaltningsrevisjon av barnevernet_s1

2018 02 01 Særutskrift - Meland kontrollutval - Oppfølging av forvaltningsrevisjon barnevernstenesta

Digitale vedlegg (for store til å leggast ved i dokumentet)

[Rapport datert mai 2017 Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim Meland kommune 2016](#)

[Dokument 16/13356 - Forvaltningsrevisjonsrapport "Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barneverntenesta i Radøy kommune" - Radøy kommune \(sing.no\)](#)

Rapport datert oktober 2016_ Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune (ligg ikkje tilgjengeleg på nett, og vert delt via OneDrive som eige dokument pga storleik)

SAKSOPPLYSNINGAR

Alver kommunestyre gjorde følgande vedtak i sak 107/22 den 22.09.2022:

Kommunestyret ber om at kontrollutvalet gjennomfører ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Alver kommune. Forvaltningsrevisjonen må skje innanfor kontrollutvalet si eksisterande budsjettramme.

Kommunestyret ber om at kontrollutvalet utarbeider eit mandat til forvaltningsrevisjonen, med fokus på hjelpetiltak/tidleg innsats, akuttvedtak, tilbakeføringsplanar og rutinar og handtering av bekymringsmeldingar.

Sakspapira frå kommunestyrehandsaminga ligg ved saka, og kan lesast digitalt her: [Dokument 22/65049 - Innbyggjarframlegg: Vi ber om ein Forvaltningsrevisjon av at lovverket blir, og har blitt føljt opp i Alver og tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy \(sing.no\)](#).

I kontrollutvalsmøtet 26.09.2022, då det vart opplyst om kommunestyret sitt vedtak under sak 52/22 «Møteprotokollar frå politiske utval,» kom det opp ynskje om at kontrollutvalet kunne få gamle revisjonsrapportar om barnevern frå dei gamle kommunane. Difor ligg det ved ein rapport frå Meland frå 2016 og ein frå Radøy frå 2017, samt ei oppfølgingssak frå Meland kontrollutval frå 2018 til orientering.

Kontrollutvalet skal i møtet bestille ein prosjektplan frå revisor om ein forvaltningsrevisjon. Det er lagt opp til at kontrollutvalet skal drøfte føremål og problemstillingar for ein slik forvaltningsrevisjon i møtet. Kontrollutvalet er sjølv ansvarlege for å gjere ei god bestilling, men forvaltningsrevisor frå KPMG, Sindre R. Dueland, er invitert til å ta del i møtet og gje tips, råd og innspel til kontrollutvalet i drøftingane om føremål, problemstillingar og kriterium.

Sekretariatet si vurdering:

Bestillinga av prosjektplan bør søke å så godt som råd svare på kommunestyret sitt vedtak i sak 107/22. Kontrollutvalssekretariatet føreslår difor eit framlegg til vedtak basert på dette.



Kontrollutvalssekretariatet vil oppfordre kontrollutvalet tid å bruke god tid på å drøfte forventningsavklaringar til kva ein forvaltningsrevisjonsrapport kan gi svar på, med omsyn til den store interessa for saka, og at fleire enkeltsaker som har starta mange år tilbake er meldt inn til kontrollutvalet. Revisor er oppmoda om å særleg løfte fram kva kriterium som kan vera moglege å måla barnevernet sitt arbeid opp mot, samt å bidra til å avklare om ein revisjon kan sjå på system tilbake i tid, eller om ein må avgrense revisjonen til å sjå på dagens reglement og system og korleis dette vert følgd opp i dag.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Med bakgrunn i Alver kommunestyre eitt vedtak i sak 107/22 bestiller kontrollutvalet ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt av barnevernet frå revisor KPMG.
2. Forvaltningsrevisjonen bør ha fokus på hjelpetiltak/tidleg innsats, akuttvedtak, tilbakeføringsplanar og rutinar og handtering av bekymringsmeldingar.
3. Revisor tek også med seg innspel etter kontrollutvalet si drøfting av saka i arbeidet med prosjektplanen.
4. Forvaltningsrevisjonen skal gjerast innafør dei økonomiske rammene som kontrollutvalet har spelt inn til kommunestyret gjennom sitt framlegg til budsjett for kontrollutvalet for 2023.
5. Prosjektplanen skal leverast til kontrollutvalssekretariatet 7.11.2022 med planlagt handsaming i kontrollutvalsmøtet 21.11.2022.

65/22 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – ENDRINGAR ETTER KOMMUNESTYRET SINE BESTILLINGAR

SAKSOPPLYSNINGAR

I 2022 har kommunestyret sendt over to bestillingar av forvaltningsrevisjonar som ikkje står i plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode, kommunestyresakene 072/22 og 107/22.

Desse bestillingane frå kommunestyret til kontrollutvalet får konsekvensar for den vedtekne planen for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet handsamar difor plan for forvaltningsrevisjon for å syne kva konsekvensar kommunestyret sine ekstrabestillingar har for planen, slik den vart vedteken av kommunestyret i sak 113/22:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande endring: Prioritet 6 (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) blir endra til prioritet nummer 2. Dei øvrige prioriteringane blir endra som konsekvens av dette.

1. *Oppvekst og tidleg innsats*
2. *Økonomisk bærekraft og økonomistyring*
3. *Innkjøp (inkludert sosial dumping)*
4. *Beredskap; hendingar og katastrofar*



5. *Personvern og informasjonstryggleik*
6. *Habilitet*

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Kontrollutvalet har gjennom inneverande periode følgd opp punkt nummer 1 og 2 frå planen.

Forvaltningsrevisjonsrapporten «Opplæringslova §9a» svarer ut prioritet 1 på lista, og er handsama i kommunestyret i sak 113/21. Kontrollutvalet har fått ei skriftleg tilbakerapportering om korleis administrasjonen har følgd opp denne revisjonsrapporten i sak 14/22.

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonen med tittel «Strategisk økonomistyring,» som skal svare ut prioritet 2, temaet økonomisk bærekraft og økonomistyring, vart vedteken av kontrollutvalet i sak 17/22. Revisjonen er under arbeid, og det er planlagt at ferdig rapport skal handsamast av kontrollutvalet i møtet 21.11.2022.

Dei to ekstra bestillingane av forvaltningsrevisjonar som kommunestyret har sendt over (kommunestyresakene 072/22 og 107/22) vert no følgd opp av kontrollutvalet.

Sak 072/22, evaluering av kommunen si covid-19-handtering, vert knytt opp mot punkt nummer 4 i plan for forvaltningsrevisjon, jamfør kontrollutvalssak 62/22.

Sak 107/22, forvaltningsrevisjon av barnevernet, er knytt til prioritet 1, oppvekst og tidleg innsats, slik at det vert gjort to ulike revisjonar knytt til dette prioriteringsområdet i perioden. Oppstart av denne saka vert handsama av kontrollutvalet i sak 64/22.

Som eit resultat av kommunestyret sine bestillingar av forvaltningsrevisjon vil ikkje punkt nummer 3, 5 og 6 frå plan for forvaltningsrevisjon verta gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt på i inneverande kommunestyreperiode. Det ville uansett vore utanfor den økonomiske ramma for kontrollutvalet å gjennomføre alle forvaltningsrevisjonane som står på planen.

I tillegg til forvaltningsrevisjon er eigarskapskontroll ei lovpålagt kontrolloppgåve som er gjennomført i perioden. Rapport frå eigarskapskontrollen «Generell eigarstyring» vart handsama i kommunestyret i sak 004/22. Budsjettet for kontrollutvalet har ein samla sum for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Budsjettet for desse typane kontrollar for Alver kommune har vore ca. 600 timar revisjonsarbeid per år i perioden. Ein forvaltningsrevisjon tilsvarer ofte om lag 400 timar, medan eigarskapskontroll utgjør om lag halvparten så stort arbeid. Første året i ny periode vert ressursane brukte til å utarbeide risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. For Alver har difor budsjettet i perioden samla sett kunne dekke fire forvaltningsrevisjonar og ein eigarskapskontroll. Dette vil også vere resultatet etter perioden er over.



Arbeidet med gransking av sakshandsaminga i to personalsaker i gamle Lindås kommune, som vedteke i kommunestyret i sak 035/22, har også vore tidkrevjande i inneverande periode, og må nemnast som ein vesentleg del av kontrollutvalet sitt arbeid med å føre kontroll med forvaltninga i Alver kommune. Dette er ikkje ein forvaltningsrevisjon, men ei gransking, som er eit stort kontrollarbeid som det er løyvd egne midlar til, ut over budsjettet for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Oppsummering:

Kontrollutvalet er pålagt å gjennomføre dei vedtaka kommunestyret gjer. Kontrollutvalet har også mynde å gjere endring i planen for forvaltningsrevisjon. Som resultat av bestillingar frå kommunestyret og den totale økonomiske ramma for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vil fire forvaltningsrevisjonar verte gjennomførte i inneverande kommunestyreperiode. Desse er knytte opp mot punkt 1, 2 og 4 i plan for forvaltningsrevisjon. Dei andre prosjekta som var sett opp i plan for forvaltningsrevisjon (kommunestyresak 113/20) vert ikkje gjennomførte i inneverande periode.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet har handsama plan for forvaltningsrevisjon med bakgrunn i at det er kome bestillingar på andre forvaltningsrevisjonsprosjekt frå kommunestyret.

Kontrollutvalet føl opp bestillingane frå kommunestyret, og tilpassar plan for forvaltningsrevisjon med omsyn til dette.

I inneverande kommunestyreperiode vil då følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt vera gjennomførte.

1. Opplæringslova § 9A (Oppvekst og tidleg innsats) - gjennomført
2. Økonomistyring (Økonomisk bærekraft og økonomistyring) – i sluttfasen
3. Beredskap og covid-19-handteringa - påbegynt
4. Barnevern - bestillingsfasen

Kontrollutvalet sender utskrift av saka som orientering til kommunestyret.

**66/22 OPPFØLGING EVALUERINGSARBEID: SAKER I HØVE MANDAT OG OPPLÆRING****SAKSOPPLYSINGAR**

I sak 08/22 la kontrollutvalssekretær fram resultat av eigenevalueringa som vart gjennomført i desember 2021.

Saka har vorte følgd opp med drøfting om rolle, mandat og forholdet til kommunestyret i sak 18/22, samt drøfting av handtering av henvendingar frå innbyggjarar i sak 47/22.

I dette møtet står to andre tema på dagsorden: saksfokus/saker i høve mandat og opplæring. Desse tema er knytt til kvarandre fordi opplæring bør vere knytt til kva saker kontrollutvalet skal – og kan – handsama.

Saksfokus/saker i høve mandat:

Når ein skal vurdere saksfokus og mandat må ein ta utgangspunkt i kontrollutvalet si rolle. I kontrollutvalsboka (s. 26) står det: «Rolla som kontrollutvalsmedlem skil seg frå andre utval ved at medlemmene skal leggje til grunn eit overordna kontrollperspektiv, og ikkje ei partipolitisk tilnærming.»

Kontrollutvalet har ei rekkje lovpålagde saker å følgje opp, som er nærare omtala i [kommuneloven kapittel 23, forskrift og kontrollutvalg og revisjon](#) og oppsummert i kontrollutvalsboka frå s. 17. Kontrollutvalsboka kan lesast på nett, eller lastast ned her: [Kontrollutvalsboka - regjeringen.no](#)

Ut over lovpålagde saker kan kontrollutvalet ta initiativ til andre saker dei ynskjer å handsame. I kontrollutvalsboka står følgande:

Det er viktig at kontrollutvalet nyttar høvet til å ta opp eit breitt spekter av saker, og at utvalet er klår over at kontrolloppgåvene omfattar meir enn berre revisjon. Dette er avgjerande for at kontrollutvalet skal opplevast som nyttig, både for kommunestyret som oppdragsgjevar og forvaltninga som blir kontrollert. Kontrollutvalet skal medverke til å realisere dei overordna måla i kommunen. Dette bør prege både arbeidsforma og sakene.

Kontrollutvalet kan gjerne drøfte korleis utvalet arbeider, og korleis ein kan arbeide framover, for å medverke til å realisere dei overordna måla til kommunen. I tillegg kan kontrollutvalet drøfte korleis kontrollutvalet arbeider, og kan arbeide, for at dei sakene som vert ynskt på agendaen ikkje har rot i politisk interesse. Slike drøftingar kan også danne grunnlag for kva som bør vere viktig å fokusere på i opplæringa av eit nytt kontrollutval.

Kontrollutvalsmedlemme kan gjerne også sjå på saklistene frå møta i 2022 og vurdere om sakene som har vore oppe speglar ein god balanse mellom kontrollutvalet sitt lovpålagde mandat og andre saker som utvalet har handsama, og drøfte korleis sakene til kontrollutvalet bidreg til overordna måloppnåing for kommunen. Ein kan også drøfte om kontrollutvalet er kjent med kva som er dei overordna måla til kommunen, og korleis ein eventuelt framover kan arbeide for å auke fokuset på overordna måloppnåing.



Opplæring:

Til neste haust er det nytt kommuneval, og det vert eit nytt kontrollutval. Det er ein fordel om erfaringane frå det sitjande kontrollutvalet vert brukte som grunnlag for opplæringsarbeidet første periode med nytt kontrollutval.

Har kontrollutvalet innspel til tema som er viktige å få betre opplæring i?

Sekretariatet har, i samråd med Vestlandsrevisjon IKS, sendt ut ei undersøking blant medlemmene i kontrollutvala i Nordhordland og Voss for å sjå korleis interessa for kurs er no i haust/vinter. Undersøkinga viser at interessa for kurs ikkje er så høg no. Uansett vil det verte gjennomført opplæring i samband med ny kommunestyreperiode, og innspel til opplæring vil vere nyttig å ta med seg til planlegginga av dette.

Sekretariatet si vurdering:

Det er opp til kontrollutvalet kor djupt ein ynskjer å gå inn i drøfting og forbetningsarbeid knytt til eigenevalueringa vidare, og sekretariatet vil ikkje styra utvalet sine drøftingar for mykje. Sekretariatet ynskjer også innspel frå kontrollutvalet til tema for eventuell vidare oppfølging av evalueringsarbeidet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet vidare.

Leiar avgjer om, og korleis, evalueringsarbeidet eventuelt vert følgd opp vidare i samband med møte.



67/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SAKSOPPLYSINGAR:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga: [Møteplan 2022 \(sing.no\)](#)

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

68/22 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



ALVER KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL – EKSTRAORDINÆRT MØTE

Møtedato: 17. oktober 2022 kl. 13:00 – 14.50

Stad: Digitalt møte på Teams

Deltakrar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem), Arild Tveranger (medlem) og Rolf Sandstad (medlem)

Forfall:

Andre:

Revisor:

Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLISTE

54/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
55/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
56/22 Meldingssaker	2
57/22 Utvida tidsfrist og ramme – gransking	3
58/22 Avklaring rundt prosess og tidspunkt – framlegging av rapport gransking	4



54/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 17.10.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 17.10.2022 er godkjent.

55/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 26.09.2022 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 26.09.2022 er godkjent slik den ligg føre.

56/22 MELDINGSSAKER

a) Svar på spørsmål til granskingsutvalet jf. sak 46/22

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



57/22 UTVIDA TIDSRIST OG RAMME – GRANSKING

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har vurdert brev frå granskingsutvalet/Sands advokatfirma med tittel «Varsel om forsinkelse - anmodning om tilleggsfrist og utvidet økonomisk ramme for arbeidet med granskingsrapport,» datert 3.10.2022.
2. Kontrollutvalet innvilgar granskingsutvalet inntil 100 timar ekstra tidsramme til granskingsarbeidet, og godkjenner at fristen for levering av endeleg rapport kan utsetjast til 1.12.2022.
3. Kontrollutvalet føreset at dersom rapporten kan ferdigstillast før 1.12.2022 vert den sendt over til kontrollutvalet ved sekretariatet så raskt den er klar.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

Kontrollutvalet ynskjer å få framlagt ein timeoversikt frå granskingsutvalet.

Det kom eit nytt framlegg til vedtak frå eit samla kontrollutval:

1. *Kontrollutvalet har vurdert brev frå granskingsutvalet/Sands advokatfirma med tittel «Varsel om forsinkelse - anmodning om tilleggsfrist og utvidet økonomisk ramme for arbeidet med granskingsrapport,» datert 3.10.2022.*
2. *Kontrollutvalet innvilgar granskingsutvalet inntil 50 timar ekstra tidsramme til granskingsarbeidet, og godkjenner at fristen for levering av endeleg rapport kan utsetjast til 1.12.2022.*
3. *Kontrollutvalet føreset at dersom rapporten kan ferdigstillast før 1.12.2022 vert den sendt over til kontrollutvalet ved sekretariatet så raskt den er klar.*
4. *Dersom dei 50 ekstra timane ikkje er nok til å skire kvaliteten på rapporten får kontrollutvalsleiar fullmakt til å auke timeramma.*
5. *Det er ein føresetnad at den totale kostandsramma er innafør kommunestyret si løyving i sak 035/22.*

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet har vurdert brev frå granskingsutvalet/Sands advokatfirma med tittel «Varsel om forsinkelse - anmodning om tilleggsfrist og utvidet økonomisk ramme for arbeidet med granskingsrapport,» datert 3.10.2022.
2. Kontrollutvalet innvilgar granskingsutvalet inntil 50 timar ekstra tidsramme til granskingsarbeidet, og godkjenner at fristen for levering av endeleg rapport kan utsetjast til 1.12.2022.
3. Kontrollutvalet føreset at dersom rapporten kan ferdigstillast før 1.12.2022 vert den sendt over til kontrollutvalet ved sekretariatet så raskt den er klar.



4. Dersom dei 50 ekstra timane ikkje er nok til å skire kvaliteten på rapporten får kontrollutvalsleiar fullmakt til å auke timeramma.
5. Det er ein føresetnad at den totale kostandsramma er innafor kommunestyret si løyving i sak 035/22.

58/22 AVKLARING RUNDT PROSESS OG TIDSPUNKT – FRAMLEGGING AV RAPPORT GRANSKING

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet set ein møtedato for handsaminga av granskingsrapporten som tek omsyn til forsvarleg sakshandsaming i kontrollutvalssekretariatet og forsvarleg tid for kontrollutvalet til å lese sakspapira i forkant av handsaminga av rapporten.
2. Kontrollutvalet ynskjer at partar som er direkte berørte av granskinga vert varsla munnleg om hovudkonklusjonen kort tid før granskingsrapporten vert offentleggjort i samband med utsending av sakspapira.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

Kontrollutvalet ynskjer å halda møte 19.12.2022 der denne saka vert handsama.

Kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet set ein møtedato for handsaminga av granskingsrapporten som tek omsyn til forsvarleg sakshandsaming i kontrollutvalssekretariatet og forsvarleg tid for kontrollutvalet til å lese sakspapira i forkant av handsaminga av rapporten.
2. Kontrollutvalet ynskjer at partar som er direkte berørte av granskinga vert varsla munnleg om hovudkonklusjonen kort tid før granskingsrapporten vert offentleggjort i samband med utsending av sakspapira.

Neste kontrollutvalsmøte er 31.10.2022.

Alver 17.10.2022

Jimmy Pasali

Leiar kontrollutvalet

Trude Bruket

Kontrollutvalssekretær

Dei fem henvendingane har fått svar basert på same mal, som er tilpassa litt. Her er svaret som vart sendt likelydande til dei to siste henvendingane, utgåande dato 18.10. og 20.10.2022:

Til xxxxx

Kopi: Jimmy Pasali, kontrollutvalsleiar

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av Alver kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Informasjon om henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

Til informasjon er det i hovudsak utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Kontrollutvalet kan vurdere om det på overordna nivå kan vera aktuelt å sjå på system og rutinar innafor den kommunale forvaltninga på området saka di høyrer inn under. Henvendinga vert såleis teken med i kontrollutvalet sitt vidare arbeid med risiko og vesentlegvurdering i samband med plan for forvaltningsrevisjon.

Eg vil elles informere om at kommunestyret har bede kontrollutvalet bestille ein forvaltningsrevisjon av barnevernet, etter det kom eit innbyggjarinitiativ om dette. Kontrollutvalet skal no følge opp dette.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Dersom du ynskjer å klage på barnevernet, og ikkje enno har gjort det, kan du gjere dette til Statsforvaltaren, som er rette sakshandsamingsinstans. Sjå her: [Barnevern | Statsforvalteren.no](https://www.barnevern.no)

Med venleg helsing
Trude Bruket

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland IKS
Mobil 97 01 98 93 | www.regionnordhordland.no



Prosjektplan

Forvaltningsrevisjon av beredskap mv.
Alver kommune

17. oktober 2022

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleing	2
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Risikovurdering og plan for forvaltningsrevisjon	2
1.3 Forarbeid	2
2. Føremål, problemstillinger og revisjonskriterier	5
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillinger	5
2.3 Revisjonskriterier	6
3. Tilnærming	7
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	7
4. Prosjektteam og honorar	9
4.1 Prosjektteam	9
4.2 Honorar	9

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

KPMG har som forvaltningsrevisor fått ein førespurnad frå kontrollutvalet i Alver kommune ved sekretariatet om å lage ein prosjektplan av gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon av Alver kommune si handtering av koronapandemien.

Førespurnaden har si bakgrunn i vedtak frå kommunestyret om å gjennomføre ein grundig og heilskapleg evaluering av kommunen si pandemihandtering, med formål om å identifisere læringspunkt.

1.2 Risikovurdering og plan for forvaltningsrevisjon

I kommunen si risikovurdering frå august 2020 er beredskap, hendingar og katastrofar vurdert som høg risiko. Denne risikoen gjeld for heile kommunen. I skildringa av risikoen er òg Korona-viruset nemnt.

I førre overordna analyse for Lindås kommune ble tryggleik og beredskap plassert i rødt risikoområde (høg risiko). Dette med bakgrunn i at beredskapsplanen ikkje var oppdatert og at styringsdokument for eventuelle krisesituasjonar var mangelfulle. Dette kan få betydelege konsekvensar for handtering av krisesituasjonar og andre alvorlige hendingar når dei eventuelt inntreffer. Dette kan igjen få store verknadar på konsekvensane av sjølve hendingane.

I samband med tilsyn i Meland kommune i 2017 kom det frem at kommunen ikkje kunne dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen sin overordna beredskapsplan var heller ikkje fullt ut i samsvar med lovkrav. Kommunen mangla plan for evakuering og ansvar, og roller og fullmakter var ikkje tilstrekkeleg avklart.

Ved gjennomføringa av risiko- og vesentlegvurderinga er Noreg ramma av ein pandemi som følgje av Covid-19 viruset, som påverkar kommunane i høgste grad.

Risikoen er følgd opp i utkast til plan for forvaltningsrevisjon frå same året. Der er det skildra forvaltningsrevisjon av beredskap med følgande tema:

- ✓ Korleis beredskapen i kommunen er organisert, og vidare vurdere om denne er tilstrekkeleg.
- ✓ Korleis kommunen arbeider med IT sikkerheit og digital beredskap.
- ✓ Evaluering av kommunen si handtering av pandemien i 2020.

Det er denne vurderinga vi har lagt oss på som grunnlag for prosjektplan.

1.3 Forarbeid

Det er eit mål å utarbeide ein god prosjektplan med relevante og vesentlige problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon av kommunen sin pandemihandtering. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar for teamet.

I den følgende delen presenterer vi kort resultatet av den førebuaende analysen, vår tolking av informasjonen og anbefaling til fokus i revisjonen.

1.3.1 Krav og forventninger til Alver kommune sin handtering av pandemien

Kommunane er det lokale fundamentet i det nasjonale arbeidet med tryggleik og beredskap. Dei er difor ein viktig aktør i det nasjonale beredskapsarbeidet. Som kommune har Alver eit grunnleggjande ansvar for å ivareta befolkningas tryggleik innafor sitt geografiske område. Kommunen plikter mellom anna å halde seg til følgjande regelverk:

- Sivilbeskyttelsesloven
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Helseberedskapsloven
- Smittevernloven
- Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19-forskriften)
- Helse- og omsorgstjenesteloven
- Forskrift om legemiddelhandtering
- Nasjonale beredskapsprinsipper

Lov og forskrift regulera den kommunale beredskapsplikta. Denne plikta pålegg kommunen eit ansvar for å utarbeide ein heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (ROS-analyse). I ein slik analyse skal kommunen kartleggje kva uønskta hendingar som kan inntreffe i lokalsamfunnet, samt vurdere sannsyn for at disse hendingane inntreffer, og kva slags konsekvensar dette kan få for lokalsamfunnet. Resultatet frå ROS-analysen skal følgjast opp med ein eller fleire sektorvise beredskapsplanar for kommunen, som angir tiltak for handtering av uønskta hendingar i kommunen. Ein overordna beredskapsplan skal samordne og integrere alle planane som gjelder for kommunen.

I forskrift om kommunal beredskapsplikt er det krav om at kommunen skal evaluere krisehandtering etter uønska hendingar. I § 8 står det følgjande: *Kommunen skal etter øvelser og uønskede hendelser evaluere krisehåndteringen. Der evalueringen gir grunnlag for at det, skal det foretas nødvendige endringer i risiko- og sårbarhetsanalysen og beredskapsplaner.*

I følgje smittevernloven har ein av kommunelegane ansvar for å planleggje kommunens smittevern, overvake situasjonen, gi råd til kommunens tilsette og hjelpe i handteringa.

I tillegg står fire sentrale prinsipp sentralt i alt beredskapsarbeid.

- ✓ **Ansvarsprinsippet:** inneber at den organisasjonen som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, også har ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar på området.
- ✓ **Likskapsprinsippet:** viser til at den organisasjonen ein opererer med under kriser i utgangspunktet skal vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg.
- ✓ **Nærleiksprinsippet:** betyr at kriser organisatorisk skal handsamas på lågest mogeleg nivå.
- ✓ **Samvirkeprinsippet:** viser til at verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

1.3.2 KS Storbynettverk – fellesmal for evaluering av pandemihandtering

Ein felles plan for storbykommunanes evaluering av pandemihandtering ble vedtatt i KS Storbynettverk sitt administrative møte 21. januar 2021. Fellesmalen byggjer på DSB sin mal for evaluering av covid-19 handteringa, og setter kommunane i stand til å identifisera både positive og negative læringspunkt på systemnivå.

I følgje fellesmal for evaluering av pandemihandtering er følgjande tema og problemstillingar relevante:

- ✓ **Situasjonsbildet:** korleis har krisen påverka virksamheta?
- ✓ **Førebuing og beredskap:** kor førebudd var virksamheta på eit alvorleg pandemiutbrot?
- ✓ **Handsaming:** Korleis har virksamheta handtert krisen?

Ved å nytte malen på tvers av kommunar er det vidare eit føremål at kommunane skal kunne lære av kvarandre på tvers.

2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier

2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje i kva grad Alver kommune var førebudd på å kunne handsame ein alvorleg krisesituasjon, med utgangspunkt i Covid-19 utbrotet. Vidare er det eit føremål å identifisere positive og negative læringspunkt knytt til kommunen sin handsaming av krisen.

Undersøkinga vil være forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi anbefalingar om tiltak om det blir avdekt avvik eller moglege forbetringar.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet, den innleiande analysen og ynskjer frå kommunen foreslår vi følgjande hovudområder og problemstillingar:

Beredskap

1. I kva grad er Alver kommune førebudd på å handsame eit alvorleg hending i kommunen?
 - a. I kva grad er hendingar omtalt i risiko- og sårbaranalysar og i beredskapsplanar?
 - b. I kva grad har Alver kommune gjennomført relevante øvingar?
 - c. I kva grad er roller og mynde tilstrekkeleg avklart?
 - d. I kva grad er leierar budd på å lede i usikkerhet?
2. I kva grad hadde Alver kommune nytte av beredskapen som vart etablert før korona-pandemien?

Digital beredskap

3. Korleis har kommunen budd seg spesielt på digitale trugsmål?
 - a. Korleis er kommunen budd på å stå imot ei hending som truar digital infrastruktur?
 - b. Korleis er kommunen budd på å operere utan digital infrastruktur?
 - c. Kva grad av redundans har kommunen?
 - d. Korleis er kommunen sin digitale tryggleikskultur?

Handtering og samordning

4. Korleis har handteringa vore leia og organisert gjennom ulike fasar av koronapandemien?
 - a. I kva grad har organiseringa av krisehandteringa fungert mellom tenester, avdelingar og vidare?
 - b. I kva grad klarte man å skaffe tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til krisearbeidet?
 - c. Korleis har lokaldemokratiet og avgjerdsprosessar internt i kommunen fungert?
 - d. Korleis organiserte kommunen seg for å kunne handsame den vidare utviklinga av krisen frem i tid?
5. I kva grad har samarbeidet og koordineringa med andre aktørar fungert?
 - a. Kva offentlige og private aktørar har kommunen samarbeida med i handteringa?
 - b. Korleis har dialogen med nasjonale og regionale mynde fungert?

6. Korleis har kommunen sitt informasjonsabreid fungert, både eksternt og internt?
 - a. Kva kommunikasjonskanalar har blitt nytta internt og eksternt?
 - b. I kva grad hadde kommunen ein strategi for å nå spesielle målgrupper?
 - c. I kva grad har mynde- og kommunikasjonsliner internt og eksternt fungert?
7. Korleis organiserte kommunen sitt TISK arbeid?
 - a. Korleis gjennomførte kommunen arbeid med testing, isolasjon, smittesporing og karantene?
 - b. Korleis har arbeidet med vaksinerings av Covid-19 fungert?

Læring

8. Kva har Alver kommune lært av pandemihandsaminga?
 - a. I kva grad har kommunen gjort endringar i beredskapsplanar på grunn av handsaming av hendinga?
 - b. I kva grad har kommunen gjennomført internevaluering av hendinga?
 - c. I kva grad har kommunen gjort tilpassingar i beredskapen på grunn av hendinga?

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterier. Revisjonskriterier er de krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterier må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utlede revisjonskriterier vil være:

- ✓ Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- ✓ Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven)
- ✓ Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)
- ✓ Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m (helse- og omsorgstjenesteloven)
- ✓ Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19-forskriften)
- ✓ Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ Rapport frå koronakommisjonen
- ✓ Nasjonale beredskapsprinsipper

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgende metodar:

- ✓ Dokumentanalyse og statistikk
- ✓ Intervju
- ✓ Spørjeundersøking

Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon fra kommunen som kan gi informasjon om problemstillinga. Her vil vi mellom anna innhente beredskapsplaner, risikoanalyser, situasjonsrapporter, oversikter over smitte og sjukefråvær, referat frå kriseleiing og andre relevante møter.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante informantar. Formålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaringar til mottatt dokumentasjon. Relevante informantar vil mellom anna være representantar frå kommunens sin kriseleiing (kommunedirektøren si leiargruppe), kommunalsjefar, representantar frå ulike tenesteområdar og tilsettrepresentantar. Andre relevante respondentar kan også bli intervjuet.

Val av respondentar vil bli avtalt nærmare med kommunen. Ved gjennomføring av intervju utarbeidast det intervjuguide. Fra kvart intervju skriver vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigering). Svar frå respondentar analyserast og stillast saman deretter med anna dokumentasjon.

Det vil bli utarbeidd ein skriftlig sluttrapport som gjør greie for undersøkinga, funn og anbefalingar. Utkast til rapport vil sendes på høring til relevante aktørar før det blir utarbeidd ein endelig sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av en revisjonsrapport. Det vil være ein raud tråd gjennom rapporten, og rapporten vil være kvalitetssikra.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil bruke 400 timer på oppdraget, fordelt på hovudaktivitetane planlegging, gjennomføring og rapportering. Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

	Oktober			November					Desember				Januar				Februar				Mars			April			Mai			Juni											
Faser + aktiviteter	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26		
1 Forberede																																									
Forundersøkelse																																									
Etablere prosjektplan																																									
Godkjenning prosjektplan																																									
2 Starte opp																																									
Sende oppstartsbrev																																									
Oppstartsmøte																																									
Revisjonskriterier																																									
Dokumentliste																																									
Intervjuplan																																									
3 Gjennomføre																																									
Dokumentanalyse																																									
Intervjuguide																																									
Intervjuer																																									
Analyse																																									
Kvalitetssikring																																									
Rapportutkast																																									
4 Rapport																																									
Ferdigstille rapportutkast																																									
Høring rapportutkast																																									
Oversending av rapport																																									
Presentasjon KU																																									

Forvaltningsrevisjonen vil starte i oktober, etter vedtak i kontrollutvalet. Vi tar sikte på å levere rapporten innan utgangen av april 2022. Prosjektplanen må ev. sjåast i samanheng med og justerast i tråd med prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barnevernet i Alver som er planlagt parallelt.

4. Prosjektteam og honorar

4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av fylgjande:

- ✓ Oppdragsansvarleg partner Harald Sylta
- ✓ Prosjektleder Sindre R. Dueland
- ✓ Prosjektmedarbeidar Maria Halvorsen
- ✓ Prosjektmedarbeidar Emil Gandolin
- ✓ Prosjektmedarbeidar Tommy Knutsen

4.2 Honorar

I samsvar med avtale.



Kontakt oss

Harald Sylta

Oppdragsansvarleg partner

T +47 40 63 96 66

E harald.sylta@kpmg.no

Sindre R. Dueland

Prosjektleder

T +47 900 16 386

E Sindre.Dueland@kpmg.no

kpmg.no

© 2022 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-217, FA-F47, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 29.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
107/22	Alver kommunestyre	22.09.2022

Innbyggjarframlegg: Vi ber om ein Forvaltningsrevisjon av at lovverket blir, og har blitt følgt opp i Alver og tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre takkar for initiativet, men må avise framlegget basert på at tilsvarande innhald er handsama i denne valperioden.

Alver kommunestyre 22.09.2022:

Handsaming:

Framlegg til vedtak frå Sp, Ap, KrF, H, Frp og V ved S.Sekkingstad-SP:

Kommunestyret ber om at kontrollutvalet gjennomfører ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Alver kommune. Forvaltningsrevisjonen må skje innanfor kontrollutvalet si eksisterande budsjetttramme.

Kommunestyret ber om at kontrollutvalet utarbeider eit mandat til forvaltningsrevisjonen, med fokus på hjelpetiltak/tidleg innsats, akuttvedtak, tilbakeføringsplanar og rutinar og handtering av bekymringsmeldingar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 107/22 Vedtak:

Kommunestyret ber om at kontrollutvalet gjennomfører ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Alver kommune. Forvaltningsrevisjonen må skje innanfor kontrollutvalet si eksisterande budsjetttramme.

Kommunestyret ber om at kontrollutvalet utarbeider eit mandat til forvaltningsrevisjonen, med fokus på hjelpetiltak/tidleg innsats, akuttvedtak, tilbakeføringsplanar og rutinar og handtering av bekymringsmeldingar.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Edit Jørgenvik og Kirsten Rongved har samla inn om lag 300 underskrifter. Ikkje alle som har signert har adresse i Alver og nokre er det heller ikkje oppført postnummer på. Dette vert ikkje omtala vidare.

Dei bed om at kommunestyret tingar ei forvaltningsrevisjon knytt til barnevernet i Alver: Med tanke på at lova er følgt knytt til hjelpetiltak, akuttvedtak, tilbakeføring/tilbakeførings planer og samvær med foreldre, besteforeldre og annan familie.

Kommunestyret har i sak 113/20 «Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon» vurdert kontrollutvalets framlegg til vedtak (kontrollutval-sak 67/20), og vedtok denne, med einaste endring: rekkefølge på prioriteringslista. I saksførebuinga til kontrollutvalet (kontrollutval-sak 54/20) gjekk det fram at det har vore vurdert om barnevernet skulle vore del av plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024. Kontrollutvalet sin konklusjon er gjort med bakgrunn i «Risiko- og vesentlegvurdering» utarbeida av KPMG, på oppdrag frå kontrollutvalet. I denne rapporten er også barnevernet omtala. Alle dokument er oversendt kommunestyret i samband med handsaming av sak 113/20.

Kommunelova sitt kapittel om innbyggjarforslag gjer innbyggjarane i kommunen, med enkelte atterhald, rett til å setje ei sak på den politiske dagsorden i kommunen. Kommunestyret er forplikta til å ta stilling til om framlegget kan fremmes og skal handsamast.

Kva seier kommunelova: § 12-1. Innbyggjarforslag:

Innbyggerne i kommunen eller fylkeskommunen kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunenes virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget hvis minst to prosent av innbyggerne står bak det. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til om det aktuelle forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til forslaget senest seks måneder etter at det er fremmet. Denne tidsfristen gjelder ikke hvis forslaget blir henvist til behandling i forbindelse med en pågående plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om vedtak som treffes, og om tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.

I samme valgperiode kan det ikke fremmes forslag med samme innhold som et tidligere innbyggjarforslag. **Det kan heller ikke fremmes innbyggjarforslag med samme innhold som en sak som er behandlet av kommunestyret eller fylkestinget i løpet av valgperioden. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv ta stilling til om et forslag kan fremmes.**

Et forslag som er fremmet etter reglene i denne paragrafen, og som blir nedstemt i kommunestyret eller fylkestinget, kan bare påklages dersom forvaltningsloven eller annen lov gir klagerett.

Henta frå regjeringa si veileder om innbyggjarforslag:

3.6 Nærmare om omgrepet "same innhold"

3.6.1 Forslag kan ikkje gjelde sak som allereie er behandla

Det er avgrensingar i forhold til kor ofte forslag med "same innhold" kan krevjast behandla av kommunestyret eller fylkestinget, jf. kommunelova § 39a nr. 3. Det framgår av forarbeida at det ikkje kan fremmast innbyggjarforslag i saker som har same innhold som eit forslag som ligge til behandling eller som tidligare er blitt behandla i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjeld med mindre det har gått minst fire år sidan eit slikt forslag sist blei behandla.

Avgrensinga om "same innhold" inneber også at det må takast stilling til korvidt eit forslag materielt sett er det same som eit forslag som tidlegare er blitt behandla. Det vil vere vanskeleg å regulere kor "like" forslaga må vere før det kan vere aktuelt å avvise forslaget. Om to forslag er like må derfor vurderast konkret i det enkelte tilfelle. Der det er tvil om vilkåra i lova er oppfylte, må det såleis vurderast konkret om forslaget bør takast opp til behandling i kommunestyret eller fylkestinget. Her vil for- målet med føreseigna kunne gi rettleiing.

3.7 Dersom kommunen avviser forslaget

Dersom eit forslag blir avvist med at vilkåra for behandling ikkje er tilstades, bør administrasjonen i samsvar med god forvaltnings- skikk gjere forslagsstillarar merksame på kva som skal til for å bringe forslaget i samsvar med lova, når dette lar seg gjere.

Blir forslaget avvist oppstår spørsmålet om dette er ei avgjerd som er omfatta av klagerett etter forvaltningslova. Etter forvaltningslova § 2 tredje ledd skal beslutning om at ei sak skal avvistast reknast som eit enkeltvedtak. Då vil saka ikkje bli behandla, utan at kommunen tek stilling til realiteten i saka. Dette gjeld likevel berre dersom ho blir avvist fordi det gjeld ei sak eller eit forhold som ville ha vore eit enkeltvedtak dersom saka var blitt realitetsbehandla. Men ikkje alle avgjerder om forslag fremma etter kommunelova § 39a som vert avvist vil kunne påklagast etter forvaltningslova sine reglar.

Uavhengig av dette vil ei avgjerd om å avvise ei sak kunne lovlegkontrollerast etter kommunelova § 59. Dette fordi ei avgjerd om å avvise ei sak vil bli rekna som "avgjerd" etter føresegna i kommunelova.

Vurdering

Basert på at Alver kommunestyre i møte 29.10.2020 handsama og prioriterte plan for forvaltningsrevisjon – kor barnevernet var del av vurderinga, kan det ikkje fremmes innbyggerforslag med same innhald, jmf. kommunelova § 12-1, tredje avsnitt, andre setning (utheva over). Det er i lova gitt at kommunestyret skal konkludere i saka.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7596a2d77524488d88a32f58a5aeac36/innbyggjarforslag.pdf>

Vedlegg i saken:

23.06.2022

Lovbrot og menneskerettsbrot i Alver barnevern

1761780

Me godtek ikkje lovbrøt og menneskerettsbrøt i Alver barnevern.

Barnevernet i Noreg har dei siste åra fått kraftig og berettiga kritikk i heile 15 domfellelser i EMD (Europeiske menneskerettsdomstolen)

Historisk sett har det sia 50-tallet og til i dag vore fokus i barnevernet på førebygging, sosial service og hjelpetiltak i familiane. Dei ansatte skal samarbeida med foreldra og anna familie rundt barnet. Ein skal styrka familien ved å forebygge problema med å hjelpa og støtta familien ved å gje råd og rettleiing, samt økonomisk støtte der dette er nødvendig. Målet er å styrka familieheimen for å unngå tvangstiltak og bortsetjing av borna.

Utfordringa me ser i Alver, og i heile landet, er at dei intensjonane barnevernet er tufta på, ikkje alltid blir følgt. Då tenker ein konkret på:

- Hjelpetiltak blir ikkje igangsett før akuttvedtak utførast, sjølv om barnas liv og helse ikkje står i akutt fare.
- Etter ein omsorgsovertaking skal barnevernet på eige initiativ arbeide for å sette foreldra i stand til å få barnet heim slik det står i Barnevernslova §4.16, dette blir ikkje gjort i dag.
- Ein får ikkje innsyn i eigne saker
- Å oppretthalda banas tilknytning med øvre familie blir ikkje følgt.
- Det skal i følgje lovverket utarbeidast ein tilbakeføringsplan heilt frå starten, dette blir ikkje følgt.
- Det blir ofte fokusert på kva barnet/a ikkje klarer ut frå alder, i staden for å fokusera på kva barnet faktisk klarer.
- Ved mykje flytting blir dette brukt mot familien, mens borna i nokon tilfelle blir flytta frå fosterheim til fosterheim av barnevernet utan at det da blir sett som uheldig for barna.


Vi ber om ein Forvaltningsrevisjon av at lovverket blir, og har blitt følgt opp i Alver og tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy, då konkret med tanke på

- hjelpetiltak
- akuttvedtak
- tilbakeføring/tilbakeførings planer
- samvær med foreldre, besteforeldre og annan familie

Kontrollutvalet gjer ein forvaltningsrevisjon og melder tilbake til kommunestyret om funna/rapporten.

Fremsatt av:


Edit Jørgenvik


Kirsten Rongved

På vegne av over 300 innbyggere i Alver kommune





KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 01. februar 2018

Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen

Kl.: 08.30 – 11.10

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug), Anne Marie Skurtveit (medlem), Rikke Slåtten Nordal (medlem) og Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen)

Innkalla: Rådmann Martin W Kulild (til sak 04, og 05)

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Øyvind Bratshaug, Aslaug Aalen og Morten Klementsens (vara ikkje innkalla grunna sein melding om forfall)

04/18 Orientering om status for administrasjonen sitt arbeid med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport av barnevernstenesta

Saksvedlegg:

*Tilrådingar vedkomande rapport forvaltningsrevisjon «*Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016*» - Nordhordland Revisjon IKS

*Brev datert 18.01.2018 - stila til Nordhordland Revisjon - vedkomande oppfølging av tilrådde tiltak i forvaltningsrapporten.

*Rutinehandbok for fosterheimsarbeidet i Meland kommune (revidert 2017)

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjonsrapporten vart handsama av kontrollutvalet i møte den 23.05.17, sak 23/17. Kommunestyret handsama rapporten i møte den 14.06.17 under sak 81/2017 med slik samrøystes vedtak:

KS - 81/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret ser det som viktig at rapporten sine tilrådingar vert følgt opp av rådmann, og ber om statusrapport på dette arbeidet innan utgangen av 2017. Kommunestyret ser det som viktig at kontrollutvalet følger opp rapporten.

Ein gjennomgang av status for administrasjonen si oppfølging av rapporten var sett på sakskartet i kontrollutvalsmøte den 16. 11.17 (sak 51/17), men saka vart då utsett.

Til dette møte var rådmannen førespurt om å gje ei orientering om følgjande:

- Status for barnevernet generelt og kva status er / vidare planar for oppfølging av dei tilrådde tiltaka i forvaltningsrevisjonsrapporten «*Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016*»
- Informasjon om prosess, tidsplan og bemanning for samanslåinga av eit felles barnevern for Radøy, Lindås og Meland og fokusområde /planar for utvikling av barnevernstenesta gjennom den nye organiseringa

Barnevernstenesta har teke omsyn til dei tilrådingane som forvaltningsrapporten peika på. I vedlagt brev, datert 18.01.18, til saka er det gjort greie for kva endringar som er gjennomført. Rutinehandboka for fosterheimsarbeidet i Meland kommune er revidert i samsvar med dette.

Behandling i møte:

Rådmann Martin W Kulild møtte i saka. Han orienterte om korleis ulike tilrådde tiltak i forvaltningsrapporten er følgt opp (jmf. brev og revidert rutinehandbok). Etter rådmannen si vurdering er påpeika avvik og tilrådde tiltak no lukka.

Rådmannen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rådmannen orientere også om gjennomføringa av prosjekt felles barnevern.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning Særutskrift av saka vert å senda kommunestyret til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning Særutskrift av saka vert å senda kommunestyret til orientering

Frekhaug, 1. februar 2018

Kåre Skibenes (sign)
Leiar

Øivind Olsnes (sign)
sekretær